



Ullensvang herad
2017-2020

Plan for arbeid med minoritetspråklege barn i barnehage



Tidleg innsats

August 2017

Innhald

Føreord og mandat.....	s 3
1. Bruk av tolk ved foreldresamtalar og andre møter.....	s.4
2. Personalet si tilnærming til ein fleirkulturell pedagogikk.....	s.4
3. Den fyrste kontakten og oppstart i barnehagen.....	s.4
4. Tilvenning.....	s 4
5. Samarbeid med foreldra.....	s.5
6. Observasjon og kartlegging av fleirspråklege born.....	s.6
7. Metodar for språkstimulering og synleggjering av mangfald i barnehagen.....	s.7
Ulike tips og nyttig informasjon til bruk i arbeidet.....	s.8
Ulike linkar og andre ressursar.....	s.10
Vedlegg 1 Rutine for mottak av nyankomne minoritetspråklege born.....	s.13
Vedlegg 2 Velkomssamtale/opplysningar om bornet.....	s.14



Føreord

Ein fleirkulturell barnehage er ikkje berre ein barnehage som er sett saman av menneske med ulike nasjonalitetar, men òg ein barnehage som har ei fleirkulturell pedagogisk forankring. Dette kjem til uttrykk ved at barnehagen forhold seg til mangfaldet med språklege, kulturelle og religiøse forskjellar og nyttar dette som ei positiv tilnærming til og som ein ressurs til å berika pedagogikken i barnehagen.

Denne planen har som føremål å gje konkrete råd i arbeidet med minoritetspråklege barn i barnehagen, der målet er

Å gje born med ein anna språkbakgrunn enn norsk høve til å læra norsk raskast mogleg, slik at dei kan kommunisere med andre barn og vaksne

- At borna kan bruka norsk i leik med andre born
- At dei forstår daglegdagse ord og uttrykk og begrep, og kan bruka dei
- At dei kan uttrykkja kjensler, ynksjer og behov på norsk



Skal borna få høve til å utvikla det norske språket i samhandling med andre born i eit godt språkstimulerande miljø, er det ein del ting me i barnehagen må tenkja gjennom.

Planen for arbeid med minoritetspråklege barn i barnehage er ein del av Ullensvang herad sin plan for Tidleg innsats.

Bakgrunn/mandat for Tidleg innsats plan:

«Ullensvang herad har slik som resten av landet, sett ein auke i tal på born som får spesialundervising/ spesialpedagogisk hjelp etter Opplæringslova kapittel 5. Rådmannen sette ned ei arbeidsgruppe for å sjå på mogelege årsaker for denne auken og korleis arbeidet kan organiserast for å sikra ei god opplæring for alle i samsvar med formålet i Lov om barnehagar og Opplæringslova. Det skal utarbeidast ein eigen plan for arbeid med minoritetsspråklege born/elevlar som skal implementerast i denne planen. Ein person med minoritetsspråkleg bakgrunn vert med i arbeidsgruppa.»

Merknad til mandatet:

Det har ikkje vore ein person med minoritetsspråkleg bakgrunn med i arbeidsgruppa, men det har vore ein person med utdanning i norsk som andrespråk.

1. Bruk av tolk ved foreldresamtalar og andre møter

Telefontolk er veldig nyttig. I den første informasjonssamtalen og ved føresettesamtale seinare, nyttar me telefontolk. Tolk er viktig for at heim og skule får naudsynt informasjon. Ofte seier foreldra at dei kan litt norsk, og at det går fint utan, men det kan likevel vera lurt å bruka tolk for å unngå eventuelle misforståingar.

Ullensvang Herad har rammeavtale for tolketenester.

Hugs at når ein brukar tolk er det ikkje tolken ein snakkar med, men personane i rommet. Tolken er berre eit nyttig reiskap. Dersom du vil retta eit spørsmål til tolken vert denne omtalt som tolk.

2. Personalet si tilnærming til ein fleirkulturell pedagogikk

Det er viktig at personalet har snakka om og diskutert kva det vil sei å vera ein barnehage med barn frå ulike kulturar/land og med ulike språk. Ein må ha ein open kommunikasjon. Personalet må etablera ei felles forståing for at mangfaldet kan koma til uttrykk på mange måtar, som t.d. ved familietilhøve, språk, religion, syn på oppdraging og eigen kulturarv. Ein må drøfta omgrep ein nyttar i høve eigen praksis, med tanke på felles forståing og sikra seg at ein ikkje nyttar ord og omgrep som kan verta opplevd som krenkande og begrensande. Ein må snakka om det å vera ulike som ein ressurs.

3. Den fyrste kontakten og oppstart i barnehagen:

Det kan vera lurt å ha ein dialog med foreldra når barnet har fått plass i barnehagen.

Ein kan invitera foreldra på besøk i barnehagen og gje ut informasjon då, i stadenfor å senda i posten.

Sjå filmen Solsletta barnehage (sjå punktet under resursar)

Fylla ut eit skjema, velkomstsamtale (vedlegg)

Eige foreldremøte for alle nye born i forkant av foreldremøtet etter oppstart som er for alle. Sjekk ut kva språk dei snakkar. Dette står òg i skjemaet som dei brukar når dei søker om barnehageplass. Undersøk om ein snakka saman utan tolk.

Avtalt tid for besøk og tilvenjing i barnehagen individuelt.

4. Tilvenning

Det er viktig å skapa tryggleik og gode relasjonar til ein vaksen i barnehagen. Overgang til ein ny barnehage kan vera vanskeleg for alle born, men ekstra tøff for born som møter eit framand språk og og ein framand kultur.

- Vurdera bruk av telefon tolk ved oppstart
- Oppstart i barnehagen: eigen primærkontakt
- Knytta band til ein eller fleire av borna, små leikegrupper
- Forutsigbar kvardag/dagsrytme, bruk av dagtavle

- Lær deg nokon enkle ord på barnet sitt morsmål, som hei, hadet, ete, gå på do, vakse hender osv
- bruk av konkretar/visualisering av kvardagslivet (boardmaker ?)
- lag ei eige ordbok med barnet
- Snakk mykje og tydeleg og bruk kroppsspråk
- skapa situasjonar og aktivitetar som borna meistrar
- Merksemd, omsorg og klare rammer er viktig
- Barnehagen kan dela ut «mi tospråklege ordbok»



5. Samarbeid med foreldra:

«Barnehagen har en viktig oppgave som møtested for barn og småbarnsforeldre og som kulturformidler. I møte med foreldre med minoritetsspråklig bakgrunn har barnehagen et spesielt ansvar for at foreldrene har mulighet til å forstå og gjøre seg forstått i barnehagen. Å møte foreldre fra ulike kulturer, både innen det norske samfunnet og fra andre land, krever respekt, lydhørhet og innsikt. Dette forutsetter at personalet er bevisste og tydelige i egen yrkesrolle og trygge på egen kompetanse.»
(Rammeplanen 2011 s. 20)

I møte mellom foreldre og personalet er det viktig å avklara dei ulike rollene i samarbeidet. I dialogen her møter me ulike krav og forventningar. Personalet har ei viktig oppgåve i å møta foreldra på ein god måte, men samstundes utan å gje slepp på barnehagen sitt syn i saker der ein har ulike meiningar. Ver nysgjerrig og vis interesse for barnet sitt språk og kultur, og heimlandet deira. Alle foreldre, uansett språkleg og kulturell bakgrunn, har til felles at dei vil sitt barns beste. Dette må vera utgangspunktet for barnehagen i møte med minoritetsspråklege foreldre. Det er menneske som møtest, ikkje kulturar.

For at foreldra skal vera ein ressurs og kunne fylgja opp det som skjer i barnehagen, må barnehagen syta for at foreldra får høve til å delta og medverka i barnehagen sin kvardag. Jo meir involvert foreldra er, desto lettare er det å få til eit godt samarbeid kring barna og til å få foreldra til å delta i barnehagen sine ulike arrangement, bl.a. foreldremøta.



Uavhengig av etnisk bakgrunn og av ulike grunnar, er det nokon foreldre som sjeldan eller aldri deltek på foreldremøta. Skal foreldre med eit anna språk enn norsk delta

på møta, må nokon forutsetningar vera tilstades:

- Foreldra må ha ei forståing av kva eit foreldremøte er, ikkje alle foreldre har erfaring med denne type møte.
- Foreldra må kunne forstå det som blir sagt på møta. Ikkje alle foreldre har god nok norsk språkforståing til å forstå innhaldet i det som vert sagt og diskutert på møta. Barnehagen må difor syta for tolking for dei av foreldra som har behov for og ynskje om dette dersom det er mogleg.
- Ikkje alle foreldre har høve for å møte på kveldstid. Det kan være fornuftig å diskutera om alle foreldremøter må vera på kveldstid, eller om nokon foreldremøter kan vera på dagtid eller rett etter arbeidstid med barna tilstades? Sjå FUB sitt hefte [Hjem-barnehage](#) for tips og idear.
- Barnehagen kan òg vurdere å ha eigne foreldremøter for minoritetsspråklige foreldre som er nye i landet med tolk for dem som treng det.

6. Observasjons og kartlegging av minoritetsspråklege born:

For at alle born skal få ei god språkutvikling er det viktig at barnehagen kartlegg fyrst og fremst seg sjølv og barnehagen sin praksis i høve språkmiljø. Barnehagen sitt språkmiljø er avgjerande for borna si språkutvikling. («Språk i barnehagen - mykje meir enn berre prat» Utdanningsdirektorater 2013) Kartlegging og observasjon skal ha ei hensikt. Barna skal kartleggjast for å få betre høve til å oppleve meistring og utvikla seg. Kartlegging må sei noko om kva barnet kan, for å framheva barnet si kompetanse og ikkje berre kva det *ikkje* kan. Resultatet av kartlegginga må føra til at barnehagen set i gong tiltak som gjer betre tilpassa opplæring. Dersom me er flinke til å dokumentera kva me har jobba med, kva borna kan og kva me treng å jobba meir med, er det lettare å leggja tilrette for barna og gjera endringar i språkmiljøet.

Når minoritetsspråklege born byrjar i barnehagen er det viktig at me veit kva morsmål barnet har, og kva det kan og meistrar på morsmålet.


Døme på verktøy for observasjon og kartleggjing:

«Språk i barnehagen - mykje meir enn berre prat»

TRAS: eige skjema for minoritetsspråklege

«Alle med»

«Lær meg norsk før skolestart» (er utarbeida for minoritetsspråklege)



7. Metodar for språkstimulering og synleggjering av mangfald i barnehagen

Språk er viktig for barnet si utvikling både sosialt, emosjonelt og intellektuelt. God språkutvikling har stor tyding for seinare læring, skriftspråk og leseforståing. Barnehagen er ein viktig språkopplæringsarena for minoritetspråklege born. Morsmålet vårt er viktig for oppleving av eigen identitet og meistring på mange område. Det er gjennom morsmålet barna kan verta kjend med kultur og tradisjonar frå sitt heimland. Barnet vert kjend med sin kulturarv, som er med på å danna identiteten til eit born. Det er lettare å læra eit andrespråk dersom ein har eit godt grunnlag på morsmålet. Barnehagen må difor støtta at barn brukar morsmålet sitt og samstundes arbeida aktivt for å fremja barnet si omgrepsforståing og ordforråd på norsk.

Ulike tips og nyttig informasjon til bruk i arbeidet:

- Henga opp barnet sitt namn på ulike skriftspråk på garderobeplassen. Eige «hus» med kva språk som er morsmålet og flagg frå deira land.
- Nasjonaldagar og ulike høgtider i ulike kulturar vert markert (Geir Winje sin artikkel)
- «Høytidsmarkering i barnehagen» Forfattar Geir Winje 2010-12 ISBN: 9788276348569
- Kart og evt. globus på avdelinga
- Ulikt leikematriell som syner mangfald, som dokker med ulik hudfarge, utkleddingskle
- Temaarbeid om barnet sitt heimland - musikk, rim og regler, eventyr.
- Dagtavle, der hensikten å visualisera for borna kva som skjer og skapa ein god kvardag
- Laga mat frå ulike kulturar (NB: hugs å avklara dette med foreldra)
- Bruka biblioteket til å låna bøker frå andre land og med morsmålet, slik at foreldra kan låna med seg heim - ha barnebøker på barna sitt morsmål tilgjengeleg.



[\(lesekroken.no\)](http://lesekroken.no)

- Ta utgangspunkt i barna si oppleving av her og no
- Bruk språket og dialogen aktivt med bornet: fortell kva ting heiter, og situasjonen heiter
- Rekonstruer hendingar saman med barnet. Snakk om det me gjer!
- Bruk god tid, og gje bornet god tid
- Bruk konkretar og bilete som hjelpemiddel
- Gå frå det konkrete til det abstrakte
- Les bøker saman, snakk om innhaldet, forklar orda
- Fortel og gjenfortel. Oppmuntra borna til å fortelja
- Rett merksemda mot det bornet vil sei - og ikkje korleis det seier det
- Slepp til barnet, gje det tid
- Knytta ord til handling
- Ta bilete av det de gjer, heng opp bileta, reflekter om det de har gjort (dette kan ein og nytta i kommunikasjon med foreldra)
- Språkgrupper
- Bruka digitale verktøy: språkkista
- Lydbøker på andre språk
- Språkleiken «Toktok», div. spel
- «Språkkista»
- «Snakkepakken»
- Heradet si heimeside, ressurs i høve arbeid med minoritetsspråklege barn. Ulike oversetjingar.

Mykje god læring skjer i dei uformelle lærings situasjonane, som leik, måltid, påkledning osv.

Språk brukar me heile dagen! Leik med norske born er ein god arena for språklæring! For minoritetspråklege born kan det vera særleg krevande å delta i leik. Difor er det viktig at me vaksne deltek og fungerer som støtte for borna i leiken.



Ulike linkar og andre ressursar:

Nasjonalt senter for flerkulturell opplæring (NAFO)

<http://nafo.hioa.no/>

Geir Winje (2007) Artikkel «Høytidsmarkering i barnehagen»

Barn i flerspråklige familier- veileder om tospråklighet (NAFO)

www.utdanningsdirektoratet.no

Hør på maken- om tospråkleg assistanse i barnehagen www.udir.no

Eigne «herimalaga språkkassar og boksar

Barnehagar kan låna og kjøpa bøker på ulike språk frå det fleirspråklege biblioteket


www.dfb.deichman.no

Fleirspråkleg nettstad: www.morsmal.no

Integrerings- og mangfoldsdepartementet (IMDI) www.imdi.no/

Førresfjorden barnehage har på si framside ei fane som heiter «Flerkulturelle ressursen». Der er det oversett skriv ang foreldresamtale på 11 ulike språk.

www.tysver.kommune.no



Boka «Bli kjent» av Margaret Saltrø



- «Språkkista»

<https://gan.aschehoug.no/nettbutikk/sprakkista-1-gan.html?verk=2309>

- «Snakkepakken» http://riktigeleker.no/skole-barnehage/produkter/sprakutvikling/snakkepakken_d562/

Informasjonsfilmen *Solsletta - en barnehage i Norge* er retta mot foreldre som ikkje har erfaring med norske barnehagar.

Filosofien er at jo meir foreldre veit om barnehagen, jo tryggare er dei, og denne tryggleiken vil dei overføra til sine barn. Filmen har tale på arabisk, kurdisk, persisk, russisk, somali og norsk. Den er nyttig for mellom anna barnehagar, helsestasjonar, barnevern, PPT og vaksenopplæringsentre.

Filmen **Solsletta - en barnehage** i Norge får du tilsendt gratis ved å venda deg til bestilling@imdi.no



«Lær meg norsk før skolestart», Margareth Sandvik (2012)



"Min tospåklige snakkende ordbok" fins på mange ulike språk: PENpal, er ein penn som overset tekstar frå bøkene. Begge deler er å få bestilt på Det flerspråklige bibliotek: www.dfb.deichman.no

Vedlegg:

- Rutine for mottak av nylegkomne minoritetsspråklege barn
- Velkomstsamtale/ opplysningar om barnet

Vedlegg 1: Rutine for mottak av nylegkomne minoritetsspråklege barn

Førebuing ved nytt born	Kor tid	Ansvar
Finna ut mest mogleg om familien, familiesituasjon, heimland. Språk og religion	Ved opptak	Styrrar
Førebu personalet på å ta imot nytt barn ved å informera om barnet sin bakgrunn	Før oppstart, våren	Styrrar
Innkalla til samtale/besøk i barnehagen.	Før oppstart	Styrrar saman med pedagogisk leiar
Velkomssamtalen: <ul style="list-style-type: none"> - Presentasjon - Ynskja velkomen til barnehagen - Orientera om hensikten med møtet - Innhenting av informasjon, div underskrifter, gå gjennom skjema evt. med tolk - Gjennomgang av skjema med opplysningar - kva forventningar/ynskje har foreldra til barnehagen - nyttar andre språk? - kva skriftspråk vert nytta? 		
Tilvenningsperiode, fast opplegg på min tre dagar	August, oppstart nytt barnehageår	Styrrar og pedagogisk leiar/andre på avdeling
Oppfylgjingsamtale dersom nødvendig	2-3 veker etter oppstart	Pedagogiske leiar
Foreldresamtale	Utpå hausten	Pedagogisk leiar

Vedlegg 2: Velkomstsamtale/ opplysningar om barnet:

Basisopplysningar om barnet			
Fornavn:		Fødselsdato:	
Etternavn;		Fødeland:	
Jente eller gut		Morsmål:	
		Statsborgarskap:	
Telefon:			
Ankomstdato Noreg:			
Familie			
Mor:		Morsmål	
Skulegang/yrke frå heimlandet:			
Arbeidsstad/skule i Noreg:			
Telefon:			
Far:		Morsmål:	
Skulegang/yrke frå heimlandet:			
Arbeidsstad/skule i Noreg:			
Telefon:			
Sysken:			
Namn:		Alder:	
Språk: Foreldra si vurdering:			
1.språk:			
Flytande	Godt	Litt	Ingenting
2. språk:			
Flytande	Godt	Litt	Ingenting
Evtnt 3.språk			
Flytande	Godt	Litt	Ingenting
Vert barnet snakka med på morsmål?			
Vert barnet sunge, lest for på morsmålet?			
Kva språk kommuniserar familien på heime?			
Har barnet gått i barnehage tidlegare?			
Evtnt kor lenge:			
Har barnet norsktalande vener?			
Er barnet med på fritidsaktivitetar?			
Kultur/religion			
Er det noko i familien sin kultur/religion aom du vil barnehagen skal kjenna til?			
Er det noko barnet ikkje kan eta?			

Kva likar det å eta?
Merkedagar/høgtider eller andre viktige datoar som barnehagen bør markera?
Er det skilnad på oppdragarkultur som det kan vera viktig å snakka om?
Helse: har barnet nokon helseproblem som barnehagen bør vite om?
Er det andre opplysningar som barnehagen bør kjenne til (i forhold til talevanskar, migrasjonshistorie eller anna?)
Interesser Kva likar barnet å gjera?
Er det noko spesielt barnet ikkje likar å gjera?
Eventuelt:
Tilstades på samtalen:

Tid/Dato.....

Underskrift av pedagogisk leiar.....